



## Forskrift 27. juni 2024 om skule- og feriedagar 2024-2025 i Ulstein kommune

*Heimel: Fastsett av kommunestyret i Ulstein kommune 27. juni 2024 med heimel lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 14-1 (2)*

### § 1 Formål og virkeområde

Forskrifta gjev informasjon om kva skule- og feriedagar elevane har skuleåret 2024-2025. Elevane har rett og plikt til å møte på skulen på dei fastsette skuledagane.

Forskrifta gjeld for elevar ved alle grunnskular i Ulstein kommune skuleåret 2024-2025. Grunnskuleopplæring for vaksne etter opplæringslova kap. 4A er ikkje omfatta.

### § 2 Felles datoar

Det er fastsett i opplæringslova at opplæringa skal strekke seg over minst 38 skuleveker innanfor ei ramme på 45 samanhengande veker.

Datoar for oppstart og avslutning av skuleåret, samt haustferie, juleferie, vinterferie og påskeferie er felles for alle skular.

### § 3 Skulerute

Ulstein kommune vedtek kvart år skulerute for grunnskulane som følgjer skuleruta som vert fastsett av Møre og Romsdal fylkeskommune.

### § 4 Iverksetjing og opphøyr

Denne forskrifta trer i kraft 1. august 2024.